



Starta i musikklaget saman. I dag var Bjørgulv med og spela for 85 års-jubilanten Alfred Eik.

Dei har mykje til felles Bjørgulv og Alfred Eik. Dei var bestekompisar i oppveksten på Eik, og då dei byrja på skulen vart dei klassekameratar. Dei byrja i Uskedal musikklag same året, i 1948, og då Alfred i dag feira 85 årsdagen sin hos Elins Matgleder var Bjørgulv Eik blant musikklagsmedlemene som heidra den tidlegare ess-kornettisten med musikk.



Jubilanten Alfred Eik saman med musikklagsmedlemmer han har spela saman med eller dirigert.

Både Bjørgulv og Alfred Eik kom tidleg med i musikklaget. Begge fekk utdelt sitt første instrument i 1948, men Bjørgulv meiner Alfred fekk instrumentet eit par månader før han. Dette fortalde Bjørgulv då han helsa barndomsvennen frå musikklaget under feiringa hos Elins Matgleder i dag. Alfred sykla til Haugland der han fekk utlevert ess-kornett av Sigurd Wang. Bjørgulv fekk ein tenor overlevert i bedehuset. Han gjekk nemleg på framhaldskule der, og Sigurd Wang kom innom med den. Etter det sykla begge til Teigen på Haugland og fekk opplæring. Etter ganske kort tid skifta Bjørgulv over til kornett. Han fekk nemleg eit instrument som Olav Guddal kjøpte i Tyskland då han var i Tysklandsbrigaden. Denne mangla hetta på 3. ventilen, men var godt brukbar, og Bjørgulv tok den med til Tema i Bergen og fekk sett ny hette på den. Alfred Eik vart sentral i korpslivet i Uskedalen i om lag 20 år. I tillegg til å vera ein dyktig musikkar sette han også spor etter seg når det galt instruksjon. Han vart på mange måtar Sigurd Wang si 'musikalske høgrehand' i denne perioden. Han vart omtala som hjelpe dirigent i Guttemusikken i si tid, og det innebar at han dirigerte annakvar øving. Etter åra i Uskedalen var Alfred Eik ein av dei som drog i gang Herøysund Musikklag og dirigerte dette korpset.

Helsinga frå musikklaget som Bjørgulv Eik bar fram til jubилanten, var ramma inn av musikk av musikklaget. Det starta med 'Hurra for deg som fyller ditt år' før det fortsette med vals og marsj. Etter helsingorda og blomsteroverrekking avslutta musikklaget med 'Jubilant-marsj' av Per Olav Paulsen. Fire av musikantane som var med, hadde hatt Alfred som dirigent i Guttemusikken. Både Per Myklebust, Ståle Eik, Knut Steinsletten og Lars Myklebust har vorte dirigert av han. Dessutan har Leif Matre spela saman med han i tillegg til nemnde Bjørgulv.

Etter speling og helsing vart musikklaget bydd på gode smørbrød, kaker og kaffi. Under denne økta hadde også Bjørgulv Eik ordet. Denne gongen meir 'på privaten', som han sa det. På glitrande vis som berre Bjørgulv kan, fekk vi smakebitar frå barndommen til dei to kompisane. Vi fekk høyra om då dei gjekk i same klasse og sat på same dobbelpult på skulen. Vi fekk vita at dei laga eigen løypestreng og hadde eigen song då dei var på skogen og veda i 10-11 årsalderen. Bjørgulv meinte det måtte vera Alfreden som hadde laga melodien sidan han spelte ess-kornett, men då Bjørgulv song den, var det nok mange som kjende att tonen til 'Å, vesle lerka'. I tillegg til vedinga fortalde han om hyttebygging og Gutteklubben som hadde lokale i ein nedlagd revagard på Neset under krigen. Der var begge medlemmer saman med ein gjeng jamaldringar, og det vart sagt at Birger Myklebust var headbas. Denne klubben hadde nok imponert skulestyrar Omvik for dei fekk gå først i 17.mai-toget. Mødrene hadde laga flotte uniformshuer, og Bjørgulv hadde med si, og 85-års jubилanten var blant dei som fekk prøva den. Imponerende flotte huer!! Litt musikk kom han også innpå 'på privaten'. Han røpa at dei av og til øvde saman. Då sat dei ute oppe på Padlane og spelte utover bygda. Dei hadde til og med sin eigen kjenningsmelodi: 'Si du er min i denne avskjedstime'.

Ei flott feiring av den 85 år gamle musikkmannen. Musikklaget sette pris på å delta, og gjestene, og særleg jubилanten, sette pris på musikken!



Her får Alfred prøvd uniformshua til Bjørgulv frå Gutteklubben som var i aktivitet under krigen.
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland